



# Førde kommune

**Arkiv:** FE - 037  
**JournalpostID:** 17/17145  
**Sakshandsamar:** Haugen, Lise  
Mari  
**Dato:** 13.09.2017

## Saksframlegg

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
045/17	Formannskapet	21.09.2017
053/17	Bystyret	28.09.2017

### Førdepakken - vurdering av bomtakstane

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Førde bystyre har ikkje merknader til at bomtakstane vert uendra.

#### 21.09.2017 Formannskapet

##### Handsaming:

Samrøystes tilråding

##### FORM-045/17 Vedtak:

Førde bystyre har ikkje merknader til at bomtakstane vert uendra.

#### 28.09.2017 Bystyret

##### Handsaming:

Samrøystes vedtak

##### BY-053/17 Vedtak:

Førde bystyre har ikkje merknader til at bomtakstane vert uendra.

#### Bakgrunn:

Statens vegvesen (SVV) vedtok den 2. august 2016 følgjande takstar for Førdepakken bomselskap AS:

«Tabell 1: Bompengetakster for Førdepakken. 2015-kr.

<b>Kjøretøy</b>	<b>Takst før rabatt</b>	<b>Takst etter brikkerabatt</b>
<b>Takstgruppe 1:</b> Kjøretøy t.o.m. 3500 kg og alle biler i gruppe M1	26	20,8
<b>Takstgruppe 2:</b> Kjøretøy over 3500 kg og eks. biler i gruppe M1	47	47

Det er forutsatt at takstene blir justert i samsvar med den generelle prisutviklingen ved bruk av Statistisk sentralbyrås konsumprisindeks.

Alle trafikanter i takstgruppe 1 med gyldig bompengebrikke og avtale (f.eks. AutoPASS) får 20 pst. rabatt per betalende passering. I tillegg legges det opp til at trafikantene med gyldig brikke og avtale (både takstgruppe 1 og 2) kun betaler for én passering per time (timesregel) og maksimalt 30 passeringer per måned (passeringstak).

For øvrig skal det gis fritak til enhver tids gjeldende retningslinjer. Per i dag gjelder dette:

- Passasjerer i alle typer kjøretøy
- Gående og syklende
- Motorsykler og mopeder
- Kjøretøy som i oppdrag fra Statens vegvesen arbeider på vegen\*
- Kjøretøy i merket begravelssfølge
- Kjøretøy som er elektrisk drevet og har drivstoffkode 5 i vognkortet\*
- Hydrogenbiler med HY – registreringsskilt\*
- Kollektivtransport i konsesjonert rute\*
- Uniformerte utrykningskjøretøy, samt sivile utrykningskjøretøy i tjenesteoppdrag\*
- Forflytningshemmede med gyldig parkeringstillatelse\*

*Rabatter og fritaksordninger merket med \* forutsetter AutoPASS-brikke og -avtale»*

I følge takstvedtaket, skal bompengetakstane vurderast på nytt for å oppnå gjennomsnittstaksten som vart lagt til grunn i stortingsproposisjon 137 S (2014-2015). I brev frå SVV av 6.9.2017, har dei gjort desse vurderingane og tilrår at takstane blir auka til 30 og 54 kroner for dei to takstgruppene.

I brev av 30.6. 2017 frå SVV, fekk Førdepakken bomselskap AS tilsagn om eit tilskot på 10 millionar 2017-kroner til reduserte bompengear for Førdepakken.

Det heiter i brevet: «*Tilskuddsbeløpet gis årlig i innkrevingsperioden med forbehold om stortingets årlige bevilgning til ordningen. Tilskuddsbeløpet justeres for prisstigning med budsjettomregningsfaktoren.*»

Endeleg fekk vi den 6.12. 2016 4 millionar kroner frå Samferdselsdepartementet til rentekompensasjon. Det heiter i brevet at «*formålet med ordningen var å redusere bompengebelastningen for bilistene og å legge til rette for en smidig overgang til ny organisering av sektoren.*»

## **Trafikkutviklinga:**

Pr. 11.9. 2017, er julitala dei siste som er tilgjengelege. Førdepakken har da hatt 10 driftsmånader. Trafikktala syner ei jamn stiging. Juli gir rett nok ein liten dump, men vi forventar at august vil hevde seg godt både for di feriane sluttar, skulane startar opp att og med to større stemne først i månaden.

ÅDT (årsdøgntrafikk) nærmar seg 20 000-talet, medan det berekna trafikkgrunnlaget for 2017 var 16 148. Det er i proposisjonen lagt opp til ein årleg trafikkvekst på 0,5%.

På den andre sida er snittprisane lægre enn føresett. I proposisjonen vart det føresett gjennomsnittleg inntekt per passering på 18,70 2015-kroner eller 19,04 2017-kroner (19,84 kroner pr. juli 2017).

Vi har ikkje vore nær det talet i perioden. Høgast ligg snittprisen i juli da det var ferie og mange tilreisande.

Hovudforklaringa på inntektsavviket pr. passering kjem av at talet på fritakspasseringar er langt høgare enn føresett.

Vi har stabilisert oss på trafikkpasseringar over ein halv million kvar månad med mai som rekormånad hittil. Samla vil inntektene for første 12-månadersperioden komme ut med kring 100 millionar kroner med juni som førebels høgste inntektsmånad.

## SVV si vurdering:

Tala for realisert trafikk og inntekt i Førdepakken er synt i tabellen under:

År	ÅDT	Avvik	Realisert brutto inntekt Førdepakken			
			Gjennomsnittlig inntekt per passering	Avvik	Bruttoinntekt løpende kroner	Avvik
2016	18 407	15 %	15,01	-23 %	24 586 543	-10 %
2017	18 369	14 %	14,99	-24 %	58 367 414	-12 %
			<b>Totalt</b>		<b>82 953 957</b>	<b>-11 %</b>

Tabell 2: Realisert trafikk og inntekt i Førdepakken

Tabellen syner at trafikkmengda har vore høgare enn berekna, medan dei realiserde bompenginntektene ligg under.

I proposisjonen var det venta at 16% av passeringane ville ha fritak. BT Signaal AS har utarbeidd ein fritaksoversikt for 2017 som syner at passeringar som blir gratis som følgje av månadstaket utgjer om lag 21%, medan timeregelpasseringane utgjer 7% av den totale trafikken.

SVV skriv:

«Forslag til justering

Den reduserte inntekten per passering kan justeres på tre ulike måter:

1. Takstøkning
2. Heving av passeringstaket
3. Oppheving av timeregel

Det kan også vurderes en løsning med kombinasjon av flere av tiltakene over.

Statens vegvesen har sammen med driftsselskapet BT Signaal AS beregnet effekter av endrede forutsetninger for bompenginnkrevingen i Førdepakken. Det er benyttet faktiske passeringer i analysen slik at rabattfordelingen i beregningene tilsvarer den reelle situasjonen. Det er likevel viktig å understreke at beregningene er gjort på et grovt nivå, og at

det vil være usikkerheter knyttet til trafikantenes tilpasninger til endringer i takst- og rabattsystemet.

Utgangspunktet for analysen er en prognose som viser at bompengeselskapet vil realisere en bompenginntekt i 2017 som ligger om lag 13,1 mill. kr lavere enn forutsetningene i proposisjonen. I analysen er det vist regneeksempler med dagens passeringstak, samt på 4 ulike nivå på økt månedstak med beregnet inntektsøkning som følge av hevet månedstak.

Det er så vist hvilket beløp som må finansieres gjennom takstøkning, og hvilken nødvendig takstøkning for de to takstgruppene som er nødvendig for å oppnå inntekten som forutsatt i Prop. 137 S (2014-2015). Det er forutsatt at forholdet mellom takstgruppene på om lag 1,8 står fast. Tallene i tabellen er avrundet.

Nivå månedstak	Inntektsøkning fra økt månedstak	Nødvendig inntekt fra takstøkning	Takstøkning takstgruppe 1	Takstøkning takstgruppe 2
30 passeringer	0,0 mill.	13,1 mill.	Kr 4	Kr 7
33 passeringer	3,3 mill.	9,8 mill.	Kr 3	Kr 5
35 passeringer	5,3 mill.	7,8 mill.	Kr 2	Kr 3
40 passeringer	9,7 mill.	3,4 mill.	Kr 1	Kr 2
45 passeringer	13,3 mill.	0 mill.		

Tabell 3: Nødvendig takstøkning i tillegg til heving av passeringstaket for å oppnå forutsatt inntekt

Tabellen viser at økning av månedstaket til 45 passeringer vil generere nok inntekt til å finansiere inntektsbortfallet uten justeringer i bompengetaksten. De andre nivåene på månedstaket vil kreve takstøkning for å oppnå forutsatt inntekt.

Regneeksemplene for nytt passeringstak i Førdepakken gir følgende nye takster:

Nytt nivå månedstak	Ny takst for takstgruppe 1	Ny takst for takstgruppe 2
30 passeringer	Kr 30	Kr 54
33 passeringer	Kr 29	Kr 52
35 passeringer	Kr 28	Kr 50
40 passeringer	Kr 27	Kr 49
45 passeringer	Kr 26	Kr 47

Tabell 4: Nye bompengetakster gitt nytt passeringstak

I beregningene over er det ikke lagt til grunn trafikkavvisning som følge av høyere månedstak og/eller høyere takster. Statens vegvesen vurderer at ventede trafikale virkninger som følge av takstøkning på om lag 15 pst. for takstgruppe 1 og 14 pst. for takstgruppe 2 vil være relativt begrenset. Ved å beholde passeringstaket på 30 passeringer og øke taksten til kr 30 for takstgruppe 1 og kr 54 for takstgruppe 2 er det beregnet at inntektsveksten vil bli 14,8 mill. kroner. Differansen mellom beregnet årlig inntektsvekst på 14,8 mill. kroner og nødvendig årlig inntektsvekst på 13,1 mill. kroner vil antagelig bli jevnet ut av trafikkavvisning som følge av høyere takster.

Prisveksten fra 2015 til 2017 har vært 3,1 pst., som tilsvarer prisjusterte bompengetakster på hhv. 27 og 48 kroner for takstgruppe 1 og takstgruppe 2 per juli 2017.

#### Timeregel

Oppheving eller justering av timeregelen er vurdert til å ikke være et ønsket tiltak for å justere inntektsnivået til pakken på grunn av uønskede trafikale virkninger.

#### Tilråding

Basert på regneøvelsene over vil Statens vegvesen tilrå at passeringstaket i Førdepakken holdes på 30 passeringer og at bompengetaksten økes til kr 30 for takstgruppe 1 og til kr 54 for takstgruppe 2. Dette gjøres for å tilnærme seg gjennomsnittlig inntekt som forutsatt i Prop. 137 S (2014-2015). Som følge av høyere realisert trafikknivå enn forventet vil en på

*denne måten oppnå forventet bompengeinntekt i tråd med proposisjonen. Endring av bompengetakstene krever lokalpolitisk behandling og tilslutning fra lånegarantisten. De nye takstene vil bli utgangspunkt for beregning av effekt av tilskuddsordningen for bompengeprojekt på riksveg utenfor de største byene. «*

## **Styret si vurdering**

Endringsframlegg frå SVV er grunnlagt med indeksregulering saman med trafikk- og inntektstal.

Styret har også drøfta tilskotsordningane som SVV har sendt ut. I brev av 7. mars i år heiter: *«Målet med ordningen er å redusere gjennomsnittlig bompengetakst med minimum 10 prosent i de prosjektene som mottar tilskudd».*

I tillegg har vi hatt i mente rentekompensasjonsordninga som ga oss ei ekstra inntekt på 4 millionar kroner. I sum utgjer dette tilskot på 14 millionar kroner eller om lag same storleik som dei mindre inntektene SVV har berekna.

For å fastsetje kor stor reduksjon vi kan gjere, har vi også sett på kostnadssida ved innkrevjing av bompengar. Med 10 månaders røynsle, er det vanskeleg å trekke klare konklusjonar. Tabellen på neste side viser føresetnadar i Førdepakken saman med ei kolonne for budsjett og rekneskap 2017.

SVV kjem til at vi ligg 13,1 mill kr lågare enn føresetnadane. Det ligg då til grunn ein innkrevjingsperiode på 11,5 år medan styret har lagt til grunn 12 år. Styret kjem til at årlege inntekter er 8,2 mill kr lågare enn budsjett.

Kostnadssida synes så langt å vere under kontroll og vi kjenner ikkje noko pr. i dag som kan endre dette. I tabellen under, har vi sett opp dei føresetnader og reknestykke som vi har lagt til grunn i denne vurderinga.

		<b>Føresetnader i Førdepakken</b>				
		<b>2015</b>	<b>2016</b>	<b>Pr.07 2017</b>	<b>B 2017</b>	<b>R 2017</b>
Statlege midlar	MNOK	158	162	164	164	164
Fylkeskommunale midlar	MNOK	158	162	164	164	164
Kommunale midlar	MNOK	158	162	164	164	164
Refusjon av mva	MNOK	193	198	200	200	200
<b>Bompengar</b>	<b>MNOK</b>	<b>983</b>	<b>1 008</b>	<b>1 021</b>	<b>1 021</b>	<b>1 021</b>
<b>Sum finansiering</b>	<b>MNOK</b>	<b>1650</b>	<b>1 691</b>	<b>1 713</b>	<b>1 713</b>	<b>1 713</b>
<b>Trafikkgrunnlag ref år 2012: 15750</b>						
	ÅDT	15 987	16 067	16 148	16 148	18 369
Gjennomsnittleg inntekt, ref.år 2015	NOK	18,70	19,04	19,28	18,44	14,99
<b>Årleg bompengainntekt</b>	<b>MNOK</b>	<b>109,12</b>	<b>111,64</b>	<b>113,66</b>	<b>108,68</b>	<b>100,50</b>
Brutto bompengainntekter 11,5 år	MNOK	1 223	1 252	1 268	1 268	1 173
Finansieringskostnad 6,5 % rente	MNOK	90	92	93	93	93
Innkrevingskostnad 11,5 år	MNOK	150	153	155	155	155
<b>Netto bompengar 11,5 år</b>	<b>MNOK</b>	<b>983</b>	<b>1 008</b>	<b>1 021</b>	<b>1 021</b>	<b>926</b>
<b>Differanse 11,5 år</b>		<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>-95</b>
<b>Årleg differanse</b>		<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>-8</b>

Tilskotsordninga som kom i vår, er relativt fleksibel i det den strekar under at bompengetakstane skal reduserast med minimum 10%.

Styret har vektlagt at det er viktig med stabilitet ved oppstartinga av ein bompengepakke. Tilskotsordningane gir oss høve til å halde takstane på same nivå som i dag. Vi er merksame på at ordningane skal vedtakast av Stortinget for kvart budsjettår, men det gir oss i alle fall fleksibilitet ved denne reguleringa.

Det bind oss heller ikkje opp for framtida. Takstane skal justerast i samsvar med prisutviklinga kvart år. I tillegg seier stortingsprop 137S: «*Dersom inntektene i Førdepakken blir lågare enn rekna med, er det lagt til grunn av bompengeselskapet etter avtale med Vegdirektoratet kan auke takstane med inntil 20 pst ut over ordinær prisstiging og forlengje innkrevingsperioden med inntil 5 år.*»

Styret er derfor innstilt på at ein for eitt år framover, ikkje tek omsyn til prisstiging. Vi nyttar oss av den fleksibiliteten som tilskotsordninga gir oss høve til. Om eitt år, vil vi ha langt betre erfaringstal og eit styrka grunnlag for å gjere vurderingar.

Reknestykket som styret gjer, går fram av tabellen under:

	Gruppe 1	Gruppe 2
<b>Noverande satsar</b>	<b>26</b>	<b>47</b>
Framlegg om auke frå SVV	4	7
Nye takstar	30	54
Tilskotsordningar og eiga vurdering	-4	-7
<b>Framlegg frå styret</b>	<b>26</b>	<b>47</b>
Prisar med 20 % brikkereduksjon	20,80	47
Relativ reduksjon SVV/styret	13,3 %	13 %

## Prosess

Det heiter i føringane frå SVV at dei nye takstane skal ha lokalpolitisk behandling. Dette var før tilskotsdelen kom inn der det er styret som avgjer.

Styret i Førdepakken bomselskap føreslår følgjande prosess:

1. Styret sender sitt framlegg til Førde bystyre vedlagt SVV si vurdering av inntekter.
2. Bystyret sitt vedtak blir så sendt Sogn og Fjordane fylkeskommune som lånegarantist.
3. Bomselskapet ferdiggjer sin søknad om tilskot innan 15. oktober

Førde, den 13.09.2017

Ole John Østenstad  
Rådmann

Lise Mari Haugen  
Ass. rådmann